

# LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune  
Kulturkontoret

3. mai 2018

## Ang uttale på «fordeling av kulturmiddlar 2018, framlegg frå rådmannen»

Lindås kulturråd ønskjer ei forutsigbar og heilskapleg tilskotsordning som gjer det enkelt å handsame kulturmiddlane. Det må vere enkelt både for søkjrarar, sakshandsamarar og politiske beslutningstakarar.

Samstundes er det viktig at historia og eigenverdien i den frivillige lokale aktiviteten danner grunnlag for å meisle ut ein god berekraftig kulturpolitikk på tilskotsområdet. Det neste året skal tilskotsordninga i tre kommunar samkjørast. Dette vil bli ei stor oppgåve og Lindås kulturråd håper omstillingane ikkje fører til meirbelastning for det flotte lag og organisasjonslivet vi har i regionen.

### Lindås kulturråd ønskjer å kommentere (nokre tema er nemt før):

#### Dataprogram:

Lindås kulturråd meiner det bør investerast i eit moderne dataprogram som automatisk gjev betre oversyn både for søker og sakshandsamarar i desse sakene. Eit godt eigna dataprogram vil og få fram kva det einskilde lag eigentleg får av stønad frå kulturmiddlane, og kor mykje som går til born og ungdom.

#### Kategoriar:

Mange kategoriar, og fleire variablar innan kvar kategori, gjer det uoversiktleg og vanskeleg å få oversikt. Vi ser framleis at dei mest kreative søker på fleire ulike område og på den måten får mest mogeleg ut. Det bør tillatast kun ein søknad frå kvart lag med spesifikasjon på kva undertema det søker i.

#### Driftsstøtte:

Det er etterkvart opparbeidd ein god oversikt over driftsstøtte til lag og organisasjonar i kulturmiddlane. Det er berre medlemstal, og endring i aldersgrupper internt i laget som kan variere år for år. I og med at det er ein formel for utrekning er det nok at medlemslaga oppgir medlemstal over/under 20 år – og ikkje søkeradssum. Det bør difor ikkje vere store skilnadar år for år i driftsstøtte til lag og organisasjonar. Difor kan driftsstøtte kome i form av «fast overføring» etter ein rask gjennomgang av sakshandsamarar.

#### Lokale forsamlingshus – investering/rehabilitering:

Lindås kulturråd registrerer at det er ei stor og aukande investerings- og rehabiliteringsbehov i dei lokale kulturbygga i kommunen. Dette krev ofte økonomisk investering i langt større grad enn det tildelte kulturmiddlar kan dekke. Det er difor viktig at det kjem på plass ein plan for investering og rehabilitering av desse lokala, ein plan som kan gjere det meir forutsigbart over eit lengre tidsrom.

#### Lindås kulturråd og Lindås idrettsråd:

Støtta til kulturråd og idrettsråd bør vere ei fast løying utanom kulturmiddlane. Løyinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik.

Lag og organisasjonar:

Lindås kulturråd ønskjer ein gjennomgang av kva type lag kombinert med kva for tema som kan søkje og få innvilga kulturmidlar. Eksempelvis: Er det forskjell på velforeining og bygdelag, skal t.d. helserelaterte lag og pensjonistlag få kulturmidlar?

Lindås Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne  
Styreleiar



Per Ole Ekker  
Sekretær